

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voss.

Emne: Helsing, fakter og åtferd.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johannes Lid

Gard: Lid,

(adresse): Botanisk Museum, Oslo.

G.nr. 189 Br.nr. 3.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, etter slik det var ikring 1890-1900.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Å nikka tydde ja, å rista på hovudet tydde nei, men slike rørsler med hovudet var ikkje sers vanlege.
2. Etter gardsvegane på Lid brukte ein å helsa på alle ein møtte, men ikkje så nede i postvegen eller på Vangen, der helsa ein til vanleg ikkje på framande.
3. Den som var mest framande på staden ein møttest, helsa først. Elles ikkje noko regel for kven som helsa først, korkje for kar eller kvende.
4. Vaksne helsa ofte ~~med~~ God dag, eller God kvelden. Mindre born kunne vera sjenerete og helsa først når dei vart tilsnakte. Dei vaksne kunne seia noko slikt som: Nei, god dag vete Joans, god dag Vetl-Anna. Eller: ~~E~~ da du Joans so æ ute å gaor.
5. Karane tok av seg hatten når dei helsa på presten eller skrivaren, men sette straks hatten på plass att. Seg imellom tok ~~dei~~ aldri hatten eller luva av seg når bygdefolk helsa på einannan ute.
6. Eg såg aldri at nokon tok hatten eller luva under armen eller vart ståande med hatten mellom nevane.
7. Kledebunaden hadde lite å seia for helsinga.
8. Handhelsing var vanleg. Var slektingar eller kjenningar bedne heim, gjekk dei alltid rundt og handhelsa på alle, også på småborn, og hadde eit godord attåt God dajen. Men om grannen kom innom eit erind, handhelsa han ikkje, sa kanskje ~~eingongxGudxdag~~ ikkje eingong God dag, men bar fram erendet sitt. I slike høve var det ikkje skikken å gå inn, men banka på, og få den ein skulle ha tak i ut på troppa. Her kan eg skyta inn at endå stova vår og grannestova, og dei to Bortegardsstovene var mest i same tunet, så gjekk korkje dei vaksne eller vi borna bort til dei andre, d.v.s. inn i huset, utan å ha erende. I min oppvekst kom eg vel berre ein eller berre eit par gonger om året inn i grannestovene, og hos dei fire mennene på Nere Lid praktisk talt aldri. Hadde ein erend, helsa ein på dei ute i utedøra. Ikkje ein gong i jola var det skikk å gå til grannen, det var rett eit hende at ein kunne verta beden i jolelag. Og eg hugsar berre ein gong at Nistoveborna var bedne opp til oss då ein av oss hadde gjebortsdag. Vi hos oss var aldri bedne i slikt lag hos grannane, endå sume av dei var i slekt med oss langt ute.

9. Det var ikkje skikk å klappa einannan på skulderen.
10. På Lid kunne ein høra kyrkjeklokken når vindzagget var lagleg, men ein gjorde ikkje noko sers for det.
11. Folk gjekk godt til sides og køyrde godt ut i vegkanten og venta der til likfylgjet eller brudråa var farne forbi, om dei møtte eit slikt fylgje.
12. På Gjerdåk brukte dei å helsa sola når ho kom att ut på vinteren, men eg veit ikkje av at vi gjorde det på Lid.. Men vi viste vel at ho kom i tunet hos oss 8. februar, og vi gledde oss til at ho skulle koma. Det var kanskje eit slag helsing når ein kom i grisehuset og sa: Gisse, gisse no ska du fao mat. Eller når ein kom i floren: Korleis æ da mæ deg Fagersi i dag, eller i smalfloren: Å, vetele perrane mine!
13. Go morn sa ein berre når ein skulle vakkja ein som ikkje hørde huset til. Folk sa Go dag heilt frå om morgonen og til dess det vart skynt, om kvelden sa dei Go kveld. Oftast heitte det for resten: Go dajen og Go kvelden. Det var når dei møttest. Når dei skildest sa dei mest jamt Far vell. Det måtte vera sers seint om kvelden om dei skulle seia Go natt, det var reservert til tidspunktet når folk skulle leggja seg. Go middag og Go efta var heilt ukjent. Når det ikkje var brukt å seia Go morn, så kom det seg vel av at folk var vane å risa tidleg opp, og når dei var komne skikkeleg i arbeid, då var det alt "dajen". Det var nok mest for rimet si skuld, at dei kunne seia:

Go morn så Boren,
Gå dajen sa Bulkehagen,
Go kvelden sa Skjelden.

Boren var han Olav Knutson (1814-1890) som hadde plass på Bjørkeborna. Bulkehagen var plass under Bulko, mannen heitte Lars. Skjelden var han Olav Skjelde (1827-1889) på Himle. Dette rimet høyrd eg av henne godmor.

14. Når ungdomen på Vangen ei tid etter 1900 tok til å seia gomorn eller berre morn også utpå dagen, reager-te bygdefolket med å svara goddag og farvel, som før. I det siste har også adjø kome inn, men bygdefolket held på dei gamle helsingsmåtanane, og seier orda heller langsamt, ikkje så abrupt som det no er vanleg.
15. Guds fred høyrd eg ikkje som helsing på Voss. Derimot var det heilt vanleg med Signe arbeidet, Signe kvile, Signe maten. Eldre folk, og folk med omtanke sa alltid det når det kunne vera aktuelt; i all fall alltid når dei kom der mat sat og fekk seg mat så sa dei Signe maten. (Signe aoto er noko nyare som meir uvørne ungdomar halvt skjemtsamt har lagt seg til å seia.) Desse Signe-helsingane kom alltid i samband med eit føregåande Goddagjen, Godkvelden eller anna.
16. Eg meiner ag har høyrt slikt som: Signe deg Brita, du æ no allti so go.
17. Når husbonden tok imot ute og så fylgte gjesten inn i stova, helsa gjesten på dei som var inne. Var der ingen, helsa han ikkje oppatt.
18. Skulle ein tala åleine med husfaren, så gjorde ein det ute i døra eller ute i tunet, slik at dei inne skulle veta at var noko dei ikkje burde kjenna til. Men var ein komen inn, og hadde prata litt att og fram, så kunne ein seia: Da va nokko so eg skulde ha snakka med deg Ola om, og så gjekk dei ut i kammerset eller helst heilt ut i tunet eller bort på låven.

21. Ja, det var vanleg å banka på døra når ein kom, det gjorde òg nærmeste grannen når han kom bort til oss.
22. Kom inn, sa dei inne. Eller dei skunda seg ut, dersom dei hadde noko arbeid for seg så det kunne vera heller uryddig inne, serleg dersom det vart banka på øvre døra (kjøkeninngangen) hos oss.
24. Folk tok alltid av seg hatten eller huva når dei kom inn.
28. Nei, dei turka ikkje av stolen for gjesten, det ville vore skam å ha ein skiten stol.
29. Gjester som var bedne koma, heldt vi utkik etter når dei kom nede ved Storafuru eller under Kolgrovehaugen i Bortegarden, eller over Kyrkjemyra om dei kom Brynavegen. Så var han far ute i tunet og tok i mot dei, og vi gutane tok hesten eller hestane.
32. Kyss vart aldri brukt det eg har sett.
39. Ja, med småborn (2-3 år) kunne ein byta nos. Kanskje kunne mora gjera det, men ~~ikkje~~ helst var det andre.
44. Ein kunne Ynskja til lukka medgjeburtsdagen, med forloving og brudlaup og sume andre høve, derimot ikkje med nye klæde eller andre bruksting, då sa ein Slit da mæ helsa.
45. Gledeleg jol, godt nyår (men ikkje Go påske eller Go pinse eller Go helg). Ved viktige hendingar som forloving, brudlaup, barnefødsle, dødsfall hadde dei ikkje faste formularer, men fann uttrykk i hjartelege ordleggingar.
49. Det kunne henda at folk med høgre handa peika nasa til folk, men det var ikkje ofte.
50. Dei sa du til alle. Ho mor hadde ei veninne den tida ho gjekk på lærarskulen i Ølve. Der i Kvinnherad sa borna I og ikkje du til foreldra, og då gjenta høyrde at dei på Voss sa du til alle, spurde ho: Duar du presten òg? Duar du mor di òg? Det siste måtte vera verre enn det fyrste.
51. Nei, dei sa aldri "han" eller "ho" om den ein tala med.

Oslo 7. juni 1953.